



3/2014

DESEMBER • ÅRGANG 21



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Gje gåver med meaning

- Eg veit ikkje kva julegåve eg skal kjøpe. Dei har jo alt!

Høyrst den før? Då er du ikkje åleine. Men det finst råd. SIM sine miljøvenlege julegåveråd!

Les meir på side 2

SIM sine fem julegåvetips som reduserer avfallsmengda og aukar gjevargleda:

Geiter, kinobilletter og heimelaga brød

I SIM er me opptekne av å minimere mengda av avfall slik at me kan vera med og bidra til eit betre samfunn for oss alle. Det kan du gjera ved å leggja litt ekstra tanke bak julepresangane. Og me er heilt sikre på at mange blir positivt overraska når ein slektning eller ven har lagt ekstra innsats i gåva. Difor er det ei glede å spreie julegåvetips etter prinsippet: *Mindre i dunken = Meir for miljøet!*



Ein kinobillett eller to

Mange treng eit "spark bak" for å komme seg ut i den mørke årstida. Og få ting er kjekkare enn ein kveld med ein god ven på kino. Gåvekortet kjøper du hos den lokale kinoen.

Barnevaktkveld eller barnevakthelg

Hektiske førjulsveker kan tappa ein for både energi og krefter. Då er det ekstra kjekt om nokon vil stilla opp som verdas beste barnevakt og gje vener ein frikveld eller ei frihelg til å dyrka kjærleiken eller reise på tur. Skriv gjerne gåva på eit heimelaga kort.



Vel rett dunk



Store dunkar eller små dunkar. Ein dunk eller fleire dunkar. Ekstrasekk eller plastsekk. Veit du kva SIM kan tilby deg for å gjere avfallshandteringa enklare?

VISSTE DU AT...

- Som abonnent hjå SIM har du stor valfridom i storleik på dunkar og sekkar til ymse formål.
- Du kan dele dunk med naboen.
- SIM har heile fire dunkstorleikar for restavfallet; 140 liter, 240 liter, 370 liter og 660 liter.
- Ei god løysing for å få betre plass i restavfallsdunkan kan vera å sortere emballasjeplast. I alle SIM-kommunane kan ein få spesialsekker som ein kostnadsfritt leverer til ein av

miljøsentralane.

- På miljøsentralane kan du levere tekstilar/ klede. SIM har avtale med Fretex som vil ta hand om det som vert levert inn. Det finst spesialsekker for dette også.
- Hos SIM og i kundemottaket i kommunen sel dei ekstrasekker for restavfall. Desse kostar 50 kroner og kan vera gode å ha i periodar der avfallsmengda er litt større enn vanleg.

for meir info: www.sim.as



Geiter med mening

Ei geit gir mjølk, kjøt og skinn, og kan være starten på eit nytt liv for ein flyktning-familie som har mista alt, i følgje Flyktningehjelpen. Den meningsfulle gåva kostar 200 kroner og du kan kjøpe ho på heimesida: www.gavermedmening.no

Heimelaga brød med noko godt attåt

Å ha noko på bordet som er heimelaga, noko som smakar spesielt godt, – ja det skjerpar sansane, får i gong praten, og gjer måltidet ekstra kjekt. Kva du kan laga? Brød, sild, likør, syltetøy, saft, julekjeks, karamellar og mykje meir. Bruk fantasien!



Minner for livet

Me tek bilete i stort tempo og deler dei gjerne på Instagram og Facebook. Men der blir dei fort gløymt. Det er noko ekstra kjekt med det å kunne bla i eit "heimelaga" fotoalbum. Det varmar litt ekstra når nokon har teke seg tid til å laga ei minnebok av dei gode opplevingane. Sjølv livet. Lykke til!

Tømmekalender 2015

I løpet av dei næraste vekene kjem tømmekalenderen for 2015. Ta vare på den, slik at du held deg orientert om kva for veker det er tøming av bio, rest eller papir i din kommune. I tillegg står det kva som skjer dersom tømmedagen fell på ein rørlig heilagdag samt opningstider på miljøsentralane. Du kan også laste ned SIM sin Tømmekalender APP, les meir på s.4.

Hjelp sjåførane

Dersom me får ein kald og glatt vinter, får det konsekvensar for alle, også sjåførane i SIM. Ved å leggja til rette for at dei på best mogeleg måte kan få køyra oppsett rute, er du med å hjelpe både deg sjølv og dei. Renovasjonsforskriftene pålegg eigar/bruksrettsinnehavar av privat veg ansvar for vedlikehald av vegbanen, grøfter og andre innretningar knytt til vegen. Dette inneber også brøyting i full vegbreidd og strøing av glatte parti. Også snuplassar må måkast og strøast.



Opningstider miljøsentralane

SIM sine miljøsentralar er opne som vanleg i romjula. Opningstidene finn du på siste sida i bladet.

Sjå baksida!

Bosdunken skal...

- plasserast ved veg, ikkje i veg.
- stå skikkeleg og ikkje liggja på bakken.
- heim att etter tømming.
- Ikkje vera så full at du ikkje får ned loket.

Unngå frost i biodunken

Det kan vera lurt å leggja litt strø eller eggekartong nedst i biodunken, for å motverka at bioavfallet får frysa fast. Fastfrose bioavfall er vanskeleg å få ut or dunken.

VISSTE DU AT...

Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir og pakkeband skal kastast i restavfallsdunken og ikkje i dunken for papir? Årsaka er at gåvepapir er gjennomfarga og inneheld for lite fiber til at det kan attvinnast til nytt papir.

SENDER:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

SIM App

SIM sin app skal gjera det lettare for deg som abonnent å hugsa på tømmedagen, finna opningstider til miljøsentralen eller finna ut kvar du finn returpunkt for glas- og metall. Appen gjev deg også varsel om tømmedagen er endra, t.d ved rørlege heilagdar.

Last ned appen ved å søkja på "SIM tømmekalender" i Google Play eller App Store, eller last ned appen via: app.sim.as. Du kan også laste den ned via denne QR- koden:

SIM med nye nettsider

I oktober vart SIM sine nye nettsider lansert. På desse sidene tilbyr me ein ny funksjon, "Min kommune". Her finn du alt du treng vite om SIM sine tenester i din kommune. Besøk nettsidene på www.sim.as

Slik vel du tenestene i din kommune:

1. Klikk på "Min kommune"
2. Velg kommune
3. Velg teneste

Enkelt og kjapt!



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaften, julaften og nyttårsaften stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00

Perioden 1. okt.-31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag, tysdag, onsdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00

FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00 – 18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag –fredag kl.10.00 – 18.00

Laurdag kl. 10.00 – 14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00 – 18.00

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as